

Musea i Sogn og Fjordane  
Gota 16  
6823 SANDANE

Dykkar ref

Vår ref  
19/1376-

Dato  
24. juni 2020

## Stattilskot for 2020 - revidert tilskotsbrev

Me syner til tilskotsbrevet frå Kulturdepartementet dagsett 18. desember 2019 til Musea i Sogn og Fjordane.

### 1. Korrigert tildeling av stattilskot for 2020

Stortinget har no handsama framlegg til endringar i statsbudsjettet for 2020 under Kulturdepartementet, jf. Prop. 127 S (2019-2020) og Innst. 360 S (2019-2020).

Mange kulturinstitusjonar under Kulturdepartementet får hovuddelen av inntektene sine som offentlege tilskot. I hovudregelen utgjør slike tilskot meir enn 60 pst. av dei samla inntektene, og dimed kjem desse institusjonane ikkje inn under den mellombelse kompensasjonsordninga for arrangørar i kultursektoren.

Dei offentleg finansierte institusjonane er viktige for heile Kultur-Noreg, og vil vera sentrale når det no stegvis er opna opp for publikumsretta aktivitet. Regjeringa gjorde difor framlegg om å auka tilskotet til institusjonane slik at dei ved atteropning kan auka aktiviteten, og slik at dei tilsette ved institusjonane kan vera i arbeid. Stortinget har slutta seg til framlegget frå regjeringa.

Med bakgrunn i dette, og med heimel i vedtaket i Stortinget, vert det statlege driftstilskotet til museet for 2020 endra slik:

	<i>Sum i kroner</i>
Tilskot gjeve i tilskotsbrev av 18.12.2019	38 595 000
+ Endring av tilskot	1 840 000
<hr/>	
= Korrigert tilskot	40 435 000

Auken i statstilskotet vil verta utbetalt som eingongstilskot til dykkar konto nr. 3705 16 96647 om kort tid.

## **2. Føresetnader knytte til statstilskotet**

Mål, føresetnader og krav til rapportering i tilskotsbrevet av 18. desember 2019 gjeld for endringa i tilskotsramma med.

## **3. Rapportering**

Rapportering for bruk av tilskotet skal inngå i den ordinære rapporteringa frå museet til Kulturdepartementet.

Med helsing

Stein Sægrov (e.f.)  
avdelingsdirektør

Natalia Ryan  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*

Kopi

Norsk kulturråd  
Vestland fylkeskommune